

Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 20.08.2015
Tidspunkt: 11:00 – 14.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R
Siri Klokkestuen	Medlem	FL A/R
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
Kristian Helland	Medlem	KRF
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Anne Beth Njærheim	Leiar	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mona Røsvik Strømme	Nils Marton Aadland	H
Rolf Nesheim	Anne Beth Njærheim	V
Ingen vara møtt		H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar utviklingssjef – kultur og idrettsavd.
Britt-Karen Spjeld	Seksjonsleiar for Idrett og friluftsliv – kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Fylkesantikvar/seksjonsleiar – kultur og idrettsavdelinga
Marit Rødseth	Plansjef - regionalavdelinga
Gudrun Mathisen	Klima- og naturressurssjef – regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 120/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 121/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 122/15	Referatsaker (meldingar)		
RS 50/15	Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ	2015/5700	
RS 51/15	Statsbudsjettet 2015, kapittel 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) - tilskot til Hordaland fylkeskommune	2014/24561	
RS 52/15	Statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 21. Utbetaling av midlar til styrka kulturminnekompetanse i kommunane i Hordaland	2015/5055	
RS 53/15	Krigsminneseminar i Vest-Ager 15-1.7 september	2014/568	
RS 54/15	UKM Hordaland. Info til kommunekontaktane	2014/19504	
RS 55/15	Prosjekt Bryggen - Fordeling av tilskot 2015	2014/21447	
RS 56/15	Invitasjon - Vestlandsk toppmøte i friluftslivets År - 22.oktober 2015 Oseana Kunst og Kultursenter	2014/19883	
PS 123/15	Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer	2014/14018	
PS 124/15	Klage på avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak	2015/59	
PS 125/15	Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2015	2015/2151	
PS 126/15	Tilskot til lokale kulturbygg 2015	2015/2151	
PS 127/15	Klagesak - tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	2015/12	
PS 128/15	Samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum	2015/7973	
PS 129/15	Fordeling av spelemidler til Den kulturelle skolesekken for 2015-2016	2015/2548	
PS 130/15	Forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - Baroniet Rosendal. Høyringsfråsegn	2014/495	
PS 131/15	Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn	2015/1175	
PS 132/15	Forslag om freding av Forum kino i Bergen. Høyringsfråsegn	2015/890	
PS 133/15	Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000	2014/1636	
PS 134/15	Fråsegn til kommuneplan for Fusa 2015-2027, arealdelen - Fusa kommune	2014/21469	
PS 135/15	Kommunedelplan for kulturminne - Sveio kommune 2015- 2027	2015/6046	
PS 136/15	Kulturminneplan for Fitjar, 2015-2025	2015/6435	
PS 137/15	Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.	2015/5174	
PS 138/15	Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.	2015/5381	
PS 139/15	Ymse		

PS 120/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 121/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Vedtak

Møteboka frå forrige møte vart samrøystes godkjend.

PS 122/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

I samband med RS 50/15 stilte medlem Anita Garlid Johannessen spørsmål om møta i Kultur- og ressursutvalet skal haldast på tysdagar frå 2016.

Fylkesdirektør kultur og idrett vil sjekke saka og koma attende med ei orientering.

Elles ingen merknadar til referatsakene.

RS 50/15 Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ

RS 51/15 Statsbudsjettet 2015, kapittel 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)

RS 52/15 Statsbudsjettet 2015 kap. 1429 post 21. Utbetaling av midlar til styrka kulturminnekompetanse i kommunane i Hordaland

RS 53/15 Krigsminneseminar i Vest-Ager 15-17 september

RS 54/15 UKM Hordaland. Info til kommunekontaktane

RS 55/15 Prosjekt Bryggen - Fordeling av tilskot 2015

RS 56/15 Invitasjon - Vestlandsk toppmøte i friluftslivets År - 22.oktober 2015 Oseana Kunst og Kultursenter

PS 123/15 Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjer

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 3, punkt 6.1, punkt 7, punkt 8, og punkt 9 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

PS 124/15 Klage på avslag på søknad om tilskot til lokale friluftslivstiltak

Forslag til vedtak

Vedtaket frå KURE 16.4.2015 vert oppretthaldt.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vedtaket frå KURE 16.4.2015 vert oppretthaldt.

PS 125/15 Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2015

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Svein Halleraker opplyste om at han var inne som rådgjevar på Moster Amfi i samband med byggemessige utbetringar.

Utvalet vedtok at Svein Halleraker var ugild, og han gjekk frå, jfr. forvaltningslova § 6 (..andre særegne forhold..).

Det var 11 representantar til stades.

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av utvalet:

« Kultur- og ressursutvalet vedtek følgjande endringar i forslag til fordeling av tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar over budsjettpost 10.400.780.00.14700:

Bergen Fyllingsdalen Teater	kr 250.000
Bergen Wrap	kr 250.000
Bømlo Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter	kr 950.000»

Grunngeving:

Moster Amfi står foran nødvendig vedlikehald og utskifting av stolseter, og treng eit høgare bevilga beløp for å starte prosjektet. I tillegg eig Hfk 50% av Moster Amfi og har eit ansvar for å ta vare på anlegget.

Kultur- og ressursutvalet definerer Fyllingsdalen Teater som eit teater som har regionale funksjonar.

Røysting

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Vedtak

KOMMUNE	SØKJAR	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Bergen	Grieghallen		Avsetning	kr 3 400 000
Askøy	Nye Herdla Museum	kr 9 000 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Norges Fiskerimuseum	kr 85 200 000	kr 3 000 000	Avslag
Bergen	Gamle Bergen Museum	kr 32 000 000	kr 5 000 000	kr 2 000 000
Bergen	Fyllingsdalen teater	kr 41 172 000	kr 13 724 000	kr 250 000
Bergen	S12 Galleri og Verksted AS	kr 2 573 750	kr 400 000	Avslag
Bergen	Wrap	kr 3 024 199	kr 1 008 000	kr 250 000
Bømlo	Moster Amgi og kyrkjehistorisk senter	kr 6 000 000	kr 2 000 000	kr 950 000
Kvam	Hardanger Fartøyvernsenter	kr 4 000 000	kr 2 000 000	Avslag
Odda	Lindehuset	kr 2 000 000	kr 665 000	Avslag
Stord	Sunnhordland Museum	kr 31 210 800	kr 4 000 000	kr 1 886 000
Sund	Nordsjømuseet i Telavåg	kr 1 329 864	kr 700 000	kr 443 000

PS 126/15 Tilskot til lokale kulturbygg 2015

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak.

«Kultur- og ressursutvalet tilrår at Haus Mjeldalen Ungdomshus Lagerbygg får kr 127 352. Den resterande summen vert teken frå utvalet sin *Til rådvelde*-konto.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

KOMMUNE	SØKNAD	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
Askøy	Herdla Fort Museum	3 000 000	548 950	500 000
Askøy	Strusshamn Kultursenter Fargeriet	5 955 000	500 000	Avslag
Askøy	Kleppe bedehus	9 240 000	1 000 000	Avslag
Askøy	Ask Menighetshus kultursal	930 000	310 000	Avslag
Austevoll	Vinnes aktivitetshus	82 400	27 000	Avslag
Austrheim	Austrheim Samfunnshus	212 000	70 000	70 000
Bergen	Kunstgarasjen, billedkunst	3 485 156	500 000	500 000
Bergen	S 12 Galleri og Verksted AS	2 573 750	1 000 000	500 000
Bergen	Wrap ved Stiftelsen History Disposal Uni	3 024 199	1 008 000	Avslag
Bergen	Ervingen Kulturhus AS	3 200 000	500 000	Avslag
Bergen	Kulturhuset sentrum	475 000	158 000	Avslag
Bømlo	Framtid for Lykling - kulturbygg kai	211 000	70 000	70 000
Bømlo	Fridtun kulturbygg	88 000	88 000	54 000
Fusa	Strandvik grendahus	1 134 649	378 000	340 000
Granvin	Musikkboks	464 800	220 000	Avslag
Granvin	Kulturbanken	5 367 000	600 000	500 000
Kvam	Storeteigen -museum	1 220 000	400 000	400 000
Kvam	Ålvik -folkets hus	265 352	88 450	Avslag
Kvinnherad	Kvinnherad ungdomssenter	4 429 791	1 000 000	400 000
Odda	Kjøkken i Skare Grendahus	650 000	250 000	217 000
Os	Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	1 724 255	575 000	200 000
Osterøy	Haus Mjeldalen Ungdomshus Lagerbygg	382 000	127 352	127 352

Radøy	Solheimmyrane nærmiljøanlegg/Breidablikk	500 000	200 000	167 000
Sund	Nordsjøfartmuseet i Telavåg, rehabiliteri	1 329 864	400 000	Avslag
Ullensvang	Nytt kjøkken i Grannatun på Sekse	805 628	282 000	250 000

PS 127/15 Klagesak - tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Forslag til vedtak

Bergen kommune – Sportsklubben Baune anleggsnr 1201 0043 07 Lysmast
Kultur- og ressursutvalet opprettheld at søknad ikkje vert godkjend

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Tom Sverre Tomren var ikkje til stades under behandlinga av saka.
Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Bergen kommune – Sportsklubben Baune anleggsnr 1201 0043 07 Lysmast
Kultur- og ressursutvalet opprettheld at søknad ikkje vert godkjend.

PS 128/15 Samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet er positiv til samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum etter Stiftelsesloven § 53
2. Kultur- og ressursutvalet legg til grunn i si fråsegn at samanslåing skjer uavhengig av budsjettauke frå Hordaland fylkeskommune

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet er positiv til samanslåing av stiftinga Dagestadmuseet og stiftinga Hardanger og Voss museum etter Stiftelsesloven § 53
2. Kultur- og ressursutvalet legg til grunn i si fråsegn at samanslåing skjer uavhengig av budsjettauke frå Hordaland fylkeskommune

PS 129/15 Fordeling av spelemidler til Den kulturelle skolesekken for 2015-2016

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Midlane til DKS vert fordelt slik:
Total tildeling: kr 16 447 690
Tildeling til Bergen kommune: kr 4 656 559
Tildeling til resten av kommunane: kr 3 068 130
Tildeling til kursregionar: kr 250 000
Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule (HFK): 8 473 002
3. Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

Askøy	kr 248 427	Jondal	kr 27 150	Samnanger	kr 47 028
Austevoll	kr 85 321	Kvam	kr 123 360	Stord	kr 168 911
Austrheim	kr 40 466	Kvinnherad	kr 210 132	Sund	kr 95 929
Bømlo	kr 145 305	Lindås	kr 181 414	Sveio	kr 82 343
Eidfjord	kr 26 227	Masfjorden	kr 44 874	Tysnes	kr 61 259
Etne	kr 59 851	Meland	kr 90 343	Ullensvang	kr 71 913
Fedje	kr 25 304	Modalen	kr 24 658	Ulvik	kr 27 519
Fitjar	kr 51 704	Odda	kr 77 412	Vaksdal	kr 66 367
Fjell	kr 254 974	Os	kr 163 304	Voss	kr 175 538
Fusa	kr 88 637	Osterøy	kr 126 322	Øygarden	kr 78 528
Granvin	kr 26 781	Radøy	kr 70 828		

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Midlane til DKS vert fordelt slik:
 Total tildeling: kr 16 447 690
 Tildeling til Bergen kommune: kr 4 656 559
 Tildeling til resten av kommunane: kr 3 068 130
 Tildeling til kursregionar: kr 250 000
 Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule (HFK): 8 473 002

3. Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

Askøy	kr 248 427	Jondal	kr 27 150	Samnanger	kr 47 028
Austevoll	kr 85 321	Kvam	kr 123 360	Stord	kr 168 911
Austrheim	kr 40 466	Kvinnherad	kr 210 132	Sund	kr 95 929
Bømlo	kr 145 305	Lindås	kr 181 414	Sveio	kr 82 343
Eidfjord	kr 26 227	Masfjorden	kr 44 874	Tysnes	kr 61 259
Etne	kr 59 851	Meland	kr 90 343	Ullensvang	kr 71 913
Fedje	kr 25 304	Modalen	kr 24 658	Ulvik	kr 27 519
Fitjar	kr 51 704	Odda	kr 77 412	Vaksdal	kr 66 367
Fjell	kr 254 974	Os	kr 163 304	Voss	kr 175 538
Fusa	kr 88 637	Osterøy	kr 126 322	Øygarden	kr 78 528
Granvin	kr 26 781	Radøy	kr 70 828		

PS 130/15 Forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - Baroniet Rosendal. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Baroniet Rosendal i Kvinnherad kommune. Fredinga vil sikra ein særskild verdifull kulturhistorisk heilskap.
2. Fylkesutvalet oppmodar Kvinnherad kommune om å ta omsyn til Baroniet og til den landskapsmessige og kulturhistoriske heilskapen i arealplanar for områda rundt Baroniets eigedom.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Baroniet Rosendal i Kvinnherad kommune. Fredinga vil sikra ein særskild verdifull kulturhistorisk heilskap.

Fylkesutvalet oppmodar Kvinnherad kommune om å ta omsyn til Baroniet og til den landskapsmessige og kulturhistoriske heilskapen i arealplanar for områda rundt Baroniets eigedom.

PS 131/15 Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødleterrassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke mpt fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Innstilling

Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.

PS 132/15 Forslag om freding av Forum kino i Bergen. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.

PS 133/15 Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomiteen og fordeling av kr. 500.000

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2.	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for sykkel VM 2017.
3.	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelmanar slik: Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000 Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000 Mobil sykkelparkering kr 100.000 Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12 punkts-avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel-VM 2017.
2	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for Sykkel-VM 2017.
3	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelmanar slik: Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000 Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000 Mobil sykkelparkering kr 100.000 Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2. Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for sykkel VM 2017.
3. Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelmanar slik:

Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000
Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000
Mobil sykkelparkering kr 100.000

Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

Arkivsak: 141

Arkivnr: 2014/21469-6

Saksbehandlar: Per Nordmark, Liv Sundheim, Eva Katrine R. Taule, Karoline Eldøy, Gunnhild Raddum, Anne Mette Nesje Porten, Jostein Aksdal

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2.	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for sykkel VM 2017.
3.	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik: Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000 Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000 Mobil sykkelparkering kr 100.000 Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

Merknad frå Anita G Johannessen (Frp) om at tekst må rettast frå 480 000 sykkelparkeringar til 480 sykkelparkeringar.

PS 134/15 Fråsegn til kommuneplan for Fusa 2015-2027, arealdelen - Fusa kommune

Forslag til vedtak

1.	Kommuneplanens arealdel for Fusa er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har fått til medverknad og breitt engasjement med mange innspel til planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen, arealdelen som eit godt og tydeleg styrings- og utviklingsreiskap som legg til rette for at kommunen kan nå sine mål for samfunnsutviklinga.
2.	Plankartet har formelle manglar med omsyn til automatisk freda kulturminne. Desse går fram av lista under. Dette må rettast i samband med endeleg handsaming av planen. 6338 Vinnes - Fetts fk. 1 25861 Lundarvik - Gravrøys 45837 Skote - Fetts fk. 7 84596 Holdhus gamle kyrkje 85601 Strandvik kyrkjestad 90349 Heihellersetra 90360 Havsgård - Kolgrop 121402 Mjånes - Lausfunn/ 123057 Kvålsvågen 141023 Ulven 201557 Drageidkanalen

3. Føresegnene dekkjar ikkje område for bandlegging og mellomalderkyrkjegardar tilfredsstillande. Forslag til presiseringar må takast inn i retningslinjer/føresegner.

Alle tiltak innafor omsynssone C - H570 skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.

Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne. Jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.

Kyrkjegardar frå mellomalderen er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssona er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Unntak gjeld for bruk av eksisterande graver som har vore i kontinuerleg bruk i frå mellomalderen.

Graver som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstader der det ikkje har vore gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.

Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnevernet er gitt høve til å uttale seg.

Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking skal dekkjast av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.

4. Hordaland fylkeskommune tilrår følgjande endringar i planen:

Bustad:

- a) BB2 Holmefjord bør avgrensast slik at den funksjonelle strandsona vert ivaretatt.
- b) BB5 Nesheim vert frårådd av omsyn til strandsona og landskap.

Fritidsbustad:

- c) BF1 Sævid vert frårådd fordi det punkterer eit stort urørt område.
- d) BF4 Skjørsand bør avgrensast i høve til funksjonell strandsona.

Sentrumsføremål:

- e) Sentrumsområde for Strandvik vert tilrådd avgrensa for utarbeiding av områdeplan

Næring:

- f) For å styrke kommunesentret må føresegnene tydeleggjerast for å hindre etablering av handel på BN5 Heiane/Eikelandsheiane.
- g) For BS1 og B10 bør det utformast føresegner for å forhindra ei utvikling av publikumstenester på begge sider av veggen.

Strandsona og sjøområde:

- h) BA1 Kråkeskar, opplagsplass for båtar bør reduserast grunna eksponert plassering.
- i) BA10 Haganaset bør ha krav om fellesnaust i føresegnene.
- j) BA8 Sundfjord, småbåthamna bør takast ut av planen av omsyn til landskap og kulturlandskap. Samlokalisering sør i Sundfjord bør vurderast.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Anita Garlid Johannessen s(Frp) sette på vegner av utvalet fram følgjande forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert samsvar mellom gitte konsesjonar og plankartet i planen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Garlid sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

<p>1. Kommuneplanens arealdel for Fusa er i hovudsak i samsvar med mål og retningslinjer i regionale planar. Kommunen har fått til medverknad og breitt engasjement med mange innspel til planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen, arealdelen som eit godt og tydeleg styrings- og utviklingsreiskap som legg til rette for at kommunen kan nå sine mål for samfunnsutviklinga.</p>
<p>2. Plankartet har formelle manglar med omsyn til automatisk freda kulturminne. Desse går fram av lista under. Dette må rettast i samband med endeleg handsaming av planen.</p> <p>6338 Vinnes - Fetts fk. 1 25861 Lundarvik - Gravrøys 45837 Skote - Fetts fk. 7 84596 Holdhus gamle kyrkje 85601 Strandvik kyrkjestad 90349 Heihellersetra 90360 Havsgård - Kolgrop 121402 Mjånes - Lausfunn/ 123057 Kvålsvågen 141023 Ulven 201557 Drageidkanalen</p>
<p>3. Føresegnene dekkjar ikkje område for bandlegging og mellomalderkyrkjegardar tilfredsstillande. Forslag til presiseringar må takast inn i retningslinjer/føresegner.</p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Alle tiltak innfor omsynssone C - H570 skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.</i></p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne. Jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.</i></p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Kyrkjegardar frå mellomalderen er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssona er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Unntak gjeld for bruk av eksisterande graver som har vore i kontinuerleg bruk i frå mellomalderen.</i></p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Graver som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstader der det ikkje har vore gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.</i></p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnevernet er gitt høve til å uttale seg.</i></p> <p><input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <i>Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking skal dekkjast av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.</i></p>
<p>4. Hordaland fylkeskommune tilrår følgjande endringar i planen:</p> <p><u>Bustad:</u></p> <p>k) BB2 Holmefjord bør avgrensast slik at den funksjonelle strandsone vert ivaretatt. l) BB5 Nesheim vert frårådd av omsyn til strandsone og landskap.</p> <p><u>Fritidsbustad:</u></p> <p>m) BF1 Sævild vert frårådd fordi det punkterer eit stort urørt område. n) BF4 Skjørsand bør avgrensast i høve til funksjonell strandsone.</p> <p><u>Sentrumsføremål:</u></p> <p>o) Sentrumsområde for Strandvik vert tilrådd avgrensa for utarbeiding av områdeplan</p> <p><u>Næring:</u></p> <p>p) For å styrke kommunesentret må føresegnene tydeleggjerast for å hindre etablering av</p>

handel på BN5 Heiane/Eikelandsheiane.

- q) For BS1 og B10 bør det utformast føresegner for å forhindra ei utvikling av publikumstenester på begge sider av veggen.

Strandsone og sjøområde:

- r) BA1 Kråkeskar, opplagsplass for båtar bør reduserast grunna eksponert plassering.
s) BA10 Haganeset bør ha krav om fellesnaust i føresegnene.
t) BA8 Sundfjord, småbåthamna bør takast ut av planen av omsyn til landskap og kulturlandskap. Samlokalisering sør i Sundfjord bør vurderast.

5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert samsvar mellom gitte konsesjonar og plankartet i planen.

PS 135/15 Kommunedelplan for kulturminne - Sveio kommune 2015-2027

Forslag til vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i kommunen si verksemd og i plan- og bygningslova. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt døme for andre kommunar.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne slik at det er i samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre einskilde kulturminne som no er plassert i verneklasse B.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.
4. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.
5. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vera ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i kommunen si verksemd og i plan- og bygningslova. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt døme for andre kommunar.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne slik at det er i samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre einskilde kulturminne som no er plassert i verneklasse B.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.
4. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.
5. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vera ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

PS 136/15 Kulturminneplan for Fitjar, 2015-2025

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er svært positiv til at Fitjar kommune har utarbeida Kulturminneplan for

Fitjar kommune 2014-2018.

2. Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaks- og forvaltingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Fitjar kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å prioritere gjennomføringa av tiltaks- og forvaltingsplanen og setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på rådgjeving av eigarar av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å gje fritak frå eigedomsskatt for eigarar av prioriterte kulturminne i planen når denne vert juridisk bindande.

3. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde i arbeidet.

PS 137/15 Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.
2. Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurdera om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkjja, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.
3. Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.
4. Av omsyn til fossefall må ein vurdera oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.
5. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurdera om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.
6. Gyteområde for brunauere må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.
7. Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.
8. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.
9. Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.
10. Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.
11. Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.
12. Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår med atterhald i pkt. 2 til utbygging av Tysso kraftverk.
2. Bekkekløfta i tiltaksområdet må kartleggjast i samsvar med retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Om det syner seg at juvet har kritisk truga eller sterkt truga artar, vil Hordaland fylkeskommune rå frå konsesjon. Om tiltaket i juvet kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi, må NVE vurderer om den søkte minstevassføringa er tilstrekkeleg. Om juvet ikkje let seg undersøkje, vil Hordaland fylkeskommune med grunnlag i føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova rå frå konsesjon.
3. Av omsyn til vintererle må skogen langs elva i tiltaksområdet haldast intakt.
4. Av omsyn til fossefall må ein vurderer oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar forsvinn.
5. Hordaland fylkeskommune vil be NVE vurderer om minstevassføringa ovanfor kraftstasjonen er høg og differensiert nok til å ta vare på omsynet til potensialet for anadrom fisk.
6. Gyteområde for brunare må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden.
7. Inntaksdam og tunnelpåhogg med massedeponi må tilpassast slik at det ikkje oppstår varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet.
8. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i kulturminnelova, skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som høgt.
9. Ein eldre vegtrasé skal tilbakeførast når anleggsarbeidet er ferdig.
10. Det skal ikkje gjerast eksteriørmessige endringar i kraftstasjonen.
11. Det må óg takast omsyn til kulturminneverdiane knytt til interiør i kraftstasjonen. Eldre aggregat, samt mekanisk og elektrisk utstyr av kulturhistorisk interesse, bør takast vare på.
12. Vassføringa i Tysso må oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturminneelementa langs elva ikkje vert vesentleg forringa.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)

PS 138/15 Søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad. Fråsegn.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Natalie A Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.1 - Av omsyn til sårbart høgjfjellav stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen. Biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbyggin av Austdøla Kraftverk i Ulvik.
Endra ordlyd på pkt.2 – Om NVE rår til skal det av omsyn»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 5 røyster (MDG, A).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgjfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgjfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør

- vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
 5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
 6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.
 7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknytning, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
 8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)

PS 139/15 Ymse

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Spørsmål frå medlemane

Medlem Tom Sverre Tomren ønskte status for behandling av reklamefinansiering av kollektivtransport. Fylkesdirektør Kultur og idrett orienterte om at det vart lagt fram sak om dette i neste møte i Fylkesutvalet. Dersom saka vart unnateke offentleg innsyn, vil administrasjonen snarleg sende ei melding til medlemane i Kultur- og ressursutvalet.

Spørsmål frå administrasjonen

Fylkesdirektør ønskte tilbakemelding til neste møte om det var behov for eit ekstra møte for Kultur- og ressursutvalet i desember 2015, gjerne over to dagar, der det også vart lagt inn opplæring.

Delt ut i møte

Referatsak

- Pressemelding frå Kulturdepartementet om endring av organiseringa av Den kulturelle skolesekken og styrking av ordninga med 12,2 millionar kr.

Hefte – De regionale jazzsentrene

Årsmelding 2014 Vestnorsk jazzsenter

Vedtak